



Skorpetrollet vart i fjor tagga med raumåling og kunstnaren Gaute Haugland sa seg villig til å fjerne målinga hvis han fekk båtskyss. Operasjonen vart ikkje gjennomført i fjor, men Haugland gjentek no lovnaden for uskedalen.no

Skorpetrollet er ein stein som er fastkilt i ein sprekk i fjellet. Det er eit originalt naturminne frå siste istid då isen forma ut også Skorpo. Trollet er for nokre år sidan gjort 'levande' med svart- og kvitmåling og har eit originalt og litt skremmande fjes.

Gaute Haugland seier at han gjerne også kan fiksa litt på designen når han først er i gang..Hans siste 'verk' på heimebane er den fantasifulle målinga på klatreveggen i Aktivitetshuset.

Harald Sætre har sendt oss eit bilete av Skorpetrollet slik det var i 2007 - før tagginga fann stad.

Det andre biletet viser trollet i tagga tilstand, fotografert av Kristian Olav Bringedal i fjor sommar.

Av Ola Matti Mathisen

